



Tysnes 11°

Vêret frå yr.no

[Logg inn](#)[Bli abonnent](#)

Torsdag 24. august 2017

NYHENDE

KULTUR

SPORT

DEBATT

TIPS OSS

E-AVIS

MENY



ANDREPLASS: Det blei pallplass på Seira under NM i Oselvar. (Arkivfoto)

# Tysnesbåt fekk 2. plass i NM

Båten Seira stakk av med ein flott andreplass under noregsmeisterskapet i Oselvar førre helg.

Publisert 18.08.2017 kl. 12.10. Oppdatert 19.08.2017 kl. 16.26.

Svein, Åshild og Sindre Økland var på laget som fekk andrelassen.

Båtlaget Njord/Tysnes stilte med fleire båtar under konkuransen, som i år vart arrangert i Austevoll. Men ingen kunne hamla opp med vinnarane.

– Det var utklassing av vinnarlaget frå Milde båtlag, fortel Kristin Teigland Gjerstad Kleppe.

Av seks race vann vinnarbåten Terna fem av dei.

Sjølv hamna båten til Kleppe på ein 13. plass.

– Det var ei fin helg, med veldig flotte forhold, fortel ho.

Men Kleppe var glad for at dei hadde ullstilongens med, for det var ikkje noko sommartemperaturar ute på havet.

– Det regna godt, men me hadde godt med vind i segla, seier Kleppe.

På grunn av atvêret var så därleg fredag, vart det ikkje mykje sømn for Kleppe og familien. Dei reste klokka fem laurdag morgon, for å nå starten i Austevoll i tide.

Gjerstad-slekta var godt representerte under stemnet, og stilte til start i fleire båtar.